



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

Alver kommune gnr. 428 bnr. 127, Kvalheim Nedre. Klage på ferdigattest for støttemur. Ber om tilleggsopplysningar

Vi viser til klagesaka ovanfor, som dessverre har blitt utsett herfrå. Forseinkinga skuldast som tidlegare interne forhold knytt til saksavvikling her, og er ikkje relatert til sak. Vi takkar for oversendinga frå kommunen 15.06.2023, med kopi av digitale innmålingsdata, som viser at topp «Mur 2» er \approx kote 18,0 moh i nordlegaste og sørlegaste punkt (vedlegg 3).

I lys av sendinga, og saksdokumenta elles, har vi nokre oppfølgingsspørsmål til kommunen, idet vi viser til forvaltningslova § 33 siste avsnitt.

Våre merknader og spørsmål

Vi viser først til rammeløyvet 09.07.2020 (adm. vedtak 357/22), med det vi oppfattar som godkjent planeringshøgde og plassering av «Mur 1» og «Mur 2». Høgda på mur 1 er i rammeløyvet omtala å vere «frå 0,4 meter til 1,5 meter».¹

- Høgaste punkt (1,5 m) er nærast bygget i nord, medan snitt-teikninga (profil A-A) er gjort noko lenger sør. Ved profilsnittet (A-A) er høgda på mur 1 frå kote 15,2 til kote 16,4, dvs. 1,2 meter. Mur 1 er horisontal i heile lengderetninga.
- Dette skulle tilseie at planeringshøgda på lågaste punkt (lengst nord), ikkje er på kote 15,2, men ned til kote 14,9, som gjev ei høgde for mur 1 på ca. 1,5 meter på høgaste punkt.
- Tilsvarande vert den totale konstruksjonshøgda for «Mur 2» (godkjent topp kote 18,0) inntil 30 cm høgare på det høgaste punktet lengst nord, enn det snitt A-A viser.

Slik vi oppfattar ansvarleg søkar 15.06.2023 vert det oppmoda om å halde seg til dei godkjende kotehøgdena, ettersom terrenget varierer (stig) frå nord til sør. Nabo og klagar Terje Oseberg meiner på si side at dette er ei avsporing, og viser til tidlegare korrespondanse i sak. I nemnte e-post² tek

¹ Jf. Søknad om dispensasjon 03.03.2020, s. 2 avsn. 1.

² 08. april 2022, frå ansvarleg søkar til Alver kommune og Askeland.



ansvarleg søker utgangspunkt i at «*veien ligger på nivå 15,2*», og at «*total konstruksjonshøyde blir ca. 2,8 meter*». Det verkar som ansvarleg søker her har lagt til grunn at profilsnitt (A-A) er det lågaste punktet på terrengprofilen. Dette ser ikkje ut til å stemme overeins med opplysningane i søknaden og godkjent teikning dagsett 26.02.2020 (vedlegg 2), jf. ovanfor.

- Vi konstaterer at kontrollmålinga som no er utført og sendt inn av ansvarleg søker, tek utgangspunkt i topp mur 2 (kote 18,0), medan det ikkje er inngitt nokon målepunkt for planeringshøgd.
- Vi konstaterer vidare at Oseberg Askeland meiner at tiltaket gjennomgåande (mur 1 og 2) har ei total konstruksjonshøgd som overstig 2,8 meter, jf. m.a. skriv dagsett 01.06.2023 m/vedlegg.

1. Statsforvaltaren ber kommunen kommentere den godkjente planeringshøgda som vist på snitt og oppriss 26.02.2020, og eventuell verknad for godkjent byggehøgde på «Mur 1» og «Mur 2», samla og kvar for seg.

Atter vidare konstaterer vi at kommunen over tid har utført ei ulovlegheitsoppfølging med tiltak i nabogrensa mellom bnr. 126 og 127, vi oppfattar både ifm. den opphavlege muren, og ifm. oppføringa av tiltaket som vart godkjent 09.07.2020.

Den 04.10.2022 varsla kommunen synfaring på gbnr. 428/127, jf. dykkar ref. 20/3212. Vi går ut frå at det er denne synfaringa som er referert i saksframstillinga til utvalsmøtet 18.01.2023 i sak 9/23 (klagen på ferdigattest, s. 2):

«...Miljø og tilsyn har i sak 20/3213 følgd opp saka som ulovleg støttemur. Dei var på synfaring på staden den 13.10.2022 og dokumenterte dagens situasjon. Mur 1 er ca 1,15 meter på det høyeste. Frå topp mur 1 til topp mur 2 er det 1,95 meter på det høyeste. Mur 2 er trekt 1,6 meter inn fra mur 1. Mur 3 liggjer 0,6 meter inn frå mur 2. Mur 3 er delvis fylling og delvis mur 0,5 meter steinfylling og 0,5 meter mur. Ulovlegheitsoppfølginga er satt i bero i påvente av at tiltaket vert omsøkt og godkjent av avdeling Byggesak samt utfall av klagehandsaminga...»

2. Vi ber om å få oversendt eventuell tilsynsrapport frå synfaringa 13.10.2022, som syner kva målepunkt kommunen har teke utgangspunkt i. Dersom rapport ikkje ligg føre, eller opplysningane ikkje går fram, ber vi om at kommunen gjer greie for framgangsmåten for kontrollmålinga.

3. Vi ber kommunen kommentere skilnaden mellom konklusjonen i saksutgreiinga 18.01.2023 (samla avvik på inntil 40 cm), og koteinnmålinga som vi har motteke i ettertid (topp mur 2 kote 18).

Vi oppfattar som nemnt at ansvarleg søker meiner at framstillinga skuldast varierende terrenghøgd, jf. spørsmål 1 ovanfor. Vi oppfattar også at kommunen no har endra syn i brevet dykkar til oss 23.06.2023, og at de no meiner det berre ligg føre marginale avvik frå rammeløvet 09.07.2020, så langt gjeld høgdeplasseringa av mur 1 og 2.

Vi har ikkje spørsmål til mur 3.



Avslutning. Frist for tilbakemelding

Vi ber om tilbakemelding på punkt 1 til 3 innan **24. november 2023**. Partane får kopi av dette brevet, og vi ber kommunen underrette med kopi av svaret dykkar hit, jf. forvaltningslova § 33 fjerde avsnitt.

Denne førespurnaden har heimel i fvl. § 33 siste avsnitt.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Geitle mur etter - Picture2
- 2 Geitle mur etter.tiltak 1-100 A2
- 3 Innmåling mur.pdf

Kopi til:

BYGGRAAD AS	Fleslandsvegen 235A	5258	BLOMSTERDALEN
Terje Oseberg Askeland	Myrdalsvegen 42 E	5130	Nyborg
Knut Asle Geitle	Eikåsneset 22 C	5131	Nyborg